



NORCONSULT AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar: 88c4d42b-b924-4353-ace3-  
c64d698cd469  
Vår: 23/873 - 23/7049

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
03.08.2023

## Igangsettingsløyve til bygging av universell gangveg og VA-anlegg på gbnr. 149/1 og gbnr. 149/144- Årås

### Administrativt vedtak. Saknr: 100/23

Vi syner til søknad motteke 01.08.2023.

### Vedtak

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av universell gangveg med VA-anlegg og veglys i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, 27-1, 27-2 og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og veglova § 40 og 43 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at tiltaka vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegne og kommunen sin VA-norm.

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av **universell gangveg med VA-anlegg og veglys i Åråsvågen**. Tiltaket er i tråd med reguleringsplan for området, dette er ingen dispensasjonssøknad. I dette planområdet gjeld **Planendring for detaljregulering Breivik/Åråsvågen/Sætre marka, plan ID 2014004**. Denne vart godkjent i formannskapet i Austrheim kommune den 14.06.2018:



Formannskapet gjorde 14.6.2018 følgjande vedtak:

*"I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 godkjenner formannskapet planendring for **Detaljregulering Breivik/Åråsvågen/Sætre marka med planid 2014004**. Plankartet er datert 06.03.2018. Reguleringsføresegner og planskildring er datert 28.05.2018."*


Vestland fylkeskommune har løyvd tilskot til den universelle gangvegen frå Åråsfeltet til Åråsvågen.

## Nabovarsel


Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

## Planstatus

Omsøkt tiltak ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som gangveg. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med godkjent reguleringsplan for området, planendringa her vart godkjent den 14.06.2018. Ein gangveg mellom Åråsfeltet og kommunesenteret er viktig for lokalsamfunnet. Det gjev og tryggare skuleveg for mange born.



## Regulert universell gangveg Åråsvågen i planendring for Detaljregulering Breivik/Åråsvågen/Sætre marka med planid 2014004.



Plan for elektro følgje regulert gangveg, det gjer og VA-leidningar og veglys som vist i søknad

## **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

## **Situasjonsplan og terrengprofilar**

Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting. Situasjonsplanen viser terrengendringar som følgje av det nye tiltaket (skjering, fylling, støttemurar og liknande.) Tilkomst til det nye tiltaket og stigning på den universelle gangvegen er og vist. Asplan Viak AS lagte plan for gangvegen i dette området samstundes med ein strandpromenade langs Åråsvågen her.

## **Teikningar**

Det ligg føre målsette planteikningar for alle plan. Omsøkt tiltak er i tråd med den regulerte gangvegtraseen.

## **Tilknytting**

Tiltaket som gjeld VA-anlegg gjeld vedlikehald/opprusting av kommunalt vatn og avløp som er i området frå før. Tiltaket vert knytt ved og til kommunale vegar som er i området. Ein gangveg mellom Åråsfeltet og kommunesenteret er viktig for innbyggjarane våre, og vil gjera tilkomsten tryggare for mange brukarar.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Dette er gjort på ein god måte.

## **Konklusjon:**

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve løyve til oppføring av universell gangveg med naudsynt VA-anlegg og infrastruktur til.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2017 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Det må på plass innmålingsdata for ledningar og infrastruktur i grunnen, *jf. Forskrift om innmåling, dokumentasjon og utlevering av geografisk informasjon om ledningar og annen infrastruktur i grunnen, sjø og vassdrag (ledningsregistreringsforskriften).*

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik. Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

**Lykke til med framdrifta med bygginga av den viktige universelle gangvegen i Åråsvågen!**

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Vedlegg:**

**Kopi til:**

Alf Kvant

Rolf-Henning Myrmel

Stian Marøy

**Mottakere:**

NORCONSULT AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA